

HYRDINGEN

Nr. 4

September 2022

ÅRGANG 64

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



**Sommaravslutning og tur for Staben i
Vindafjord kyrkjene til Skoldastrauen og
steinen «Bjolandskjerringa» 15. juni.**



Frå venstre: Marita Kvitno Staurland - kyrkjetenar i Vikedal og Imsland, Britt Karstensen - kateket, Inghart Lasse Tveit - kyrkjeverje, Sigfred Sørensen - vikarprest Skjold, Vats og Vikebygd. Esther Åsheim - kyrkjelydspedagog, Liv Kari Bødker - kyrkjetenar Ølen og Bjoa, Aina Lunde - tidlegare kyrkjetenar Ølen og Bjoa, Arild Urdal - kyrkjetenar Vats. Foto: Fellesrådsleiar Steinar Sørhus.

Presten har ordet	s. 2	Dropp-inn-dåp	s. 5	Gudstenestelista	s. 10
Då lo eg...	s. 2	Stell av gravminne	s. 5	Frå kyrkjeboka	s. 10
Redaksjonspennen	s. 3	Konfirmantane 2022	s. 6-7	Møte og arrangement	s. 11
Min song	s. 3	Ukrainske flyktningar	s. 7	Tradisjonsrik gudsteneste	s. 12
Minneord Harald H. Eintveit	s. 4	Arrangement	s. 8-9	Nytt orgel i Sandeid kyrkje	s. 12



HYRDINGEN:
Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
Vipps-nr. 53 14 72
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega 365 Design

SOKNEPRESTANE:
Mandag er prestane sin fridag

Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Skjold

Vikarprest Sigfred Sørensen
Skjold kyrkje, Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Tlf. 4889 0359
sigfred.sorensen@outlook.com

Kontortid: Etter avtale.

Soknepresten i Vikedal

Tsegayesus Hurisa Hunde
Vikedal kyrkjekontor
Kyrkevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Tlf. 970 38 011
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no

Kontortid: tysdag–fredag, 9–15

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd: Sunniva Tveit Gregersen
Ølen og Bjoa: Signe Britt Vik
Sandeid: Ragnvald Stople
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Elisabeth Stople Gregersen

Presten har ordet

Av Kari Vik Stuhaug, sokneprest i Ølen og Bjoa



Vannmerket

Dropp inn! Me kan gjera det til frisøren. No kan det også gjerast til dåp i kyrkja. Då tilbodet kom i Trondheim dukka det opp ein travel lege og pappa på rundt 40 år. Han var ikkje døypt og difor heller ikkje medlem i Den norske kyrkja. Men han følte seg heime der.

Fireåringane i Vindafjord får invitasjon til kyrkja for å få barnebibel eller ei anna kyrkjebok. Då får dei også vera med på ei samling for å bli kjent i den lokale kyrkja si. Samlinga heiter «heime i kyrkja». Ein liten gut hadde forstått det, då han nokre dagar seinare var på biltur med mor si og såg kyrkja. Han peika på den og utbraut: «Der er kyrkja! Det er mi kyrkja og di kyrkja og alle si kyrkja».

Å høyra til blir ofte vektlagt av dei som vel å koma til kyrkja for å bli døypt. Anten det er unge, vaksne eller eldre som droppar inn, eller det er foreldre som kjem med spedborna sine. Å høyra til. Det gir tryggleik.

Mange som sökjer dette fellesskapet har ikkje alltid så klare ord for trua si.

Er det nødvendig? Med pietismen og andre vekkingsprega miljø har det vore sterke krav til personlege uttrykk og tilslutnad til trua. Vitnesbyrd og fri og nderleg bøn var synlege uttrykk for at trua var ekte.

Kritiske røyster kan hevda at både den breie praksisen med dåp av spedbarn i folkekyrkja og dropp-inn-dåp kan vera overflatisk og lettint omgang med ein

djupt åndeleg praksis. Erfaringane med dropp-inn-dåp landet rundt viser noko anna. Folk gjer ikkje dette på tull. Det er eit djupt alvor over ei slik handling. Og dei som har gjort det kan skildra det som ein heilag augneblink, som høgtideleg og betydningsfylt.

Noko av det som skjer i dåpsliturgien er at presten teiknar krossmerket over brystet til den som blir døypt, som eit teikn på at han eller ho skal høyrer Jesus til og tru på han. Eg likar å samanlikna det med vannmerket som var på dei gamle pengesetlane. «Norges bank» stod det. Det var eit teikn på at den vesle papirlappen fekk verdien sin frå Norges bank. Krossmerket er eit usynleg teikn på at den døypte høyrer Jesus til og er barn av Gud. Verken presten eller andre ser korleis trua tar form i den enkelte sitt indre frametter livet. Men stundom, på viktige punkt i livet sökjer mange kyrkja eller eit anna kristent fellesskap med livet sitt. Mi erfaring er at for mange er det betydningsfullt, for der høyrer dei til.

«Du skal itte trø i graset. Spede spira lyt få stå» skreiv Einar Skjæraasen. «Han bryt ikkje eit knekt siv og sløkkjer ikkje ein rykande veike», skreiv profeten Jesaja (42,3) nokre tusenår tildelegare.

Dåp er å gi rom for den spede trua så den kan finna livsrom og veksa.

Dropp-inn-dåp er å fjerna hindringar for å få del i den. Velkommen til dåp i vindafjordkyrkjene!



Då lo eg...

Eg heiter Håkon Børre Kolltveit. Då eg blei utfordra på å skriva til «Då lo eg» i Hyrdingen, kom eg på denne vitsen:

Det var ein prest som var nytisett i eit sokn, og det var vanleg at presten skulle ha andakt på sjukeheimen. Han tenkte at sidan det var fyrste gongen, skulle han tala om himmelen. Han byrja å tala frå Bibelen i Johannes Openberring kapittel 21 og vers 4: «Han skal tørka kvar tåre frå augo deira. Og døden skal ikkje vera meir, og ikkje

sorg, og ikkje skrik, og ikkje pinsle skal vera meir. For dei første ting har kvore bort». Og så la han til: «Og der er det ingen sjukepleiarar. Så kom han på at han hadde forsnakka seg og sa: «Sjølv sagt er der sjukepleiarar, men dei har ingenting der å gjera».

Neste eg vil utfordra er Berge Thomas Velde.

Redaksjons-PENNEN

Av Steinar Skartland

Så er hausten her. I Vikebygd, Skjold og Vats tok denne til med konfirmasjonar. Det er ofta godt vêr på denne tida og ungdommane kunne gleda seg over flotte dagar med familie og fest.

Tida elles er ikkje så ljos. Krig i Ukraina med mange ti-tals drepne og såra på begge sider av fronten. Slik skaper sår også i dei menneska som står att. Sår som det kan ta generasjonar å lækja. Vi ber om fred og forsoning mellom folk og nasjonar. Her heime merker vi også konsekvensane i form av straumkostnad og auka prisar i butikkane. Kommunen har teke imot flyktningar som kan få eit pusterom her. Ute i verda fryktar ein for svoltkatastrofar. Det er i landet der krigen går føre seg at store delar av kornproduksjonen er. Lokalt vert det nok ekstra giv i arbeidet med innsamlinga av klede og utstyr som Open Heart Ukraina skal dela ut seinare i haust. Har du noko å bidra med, sjå på side 9 kor sekkene kan leverast.

Kyrkja og prosten må lysa ut «stilling ledig». Tsegayesus H. Hunde, som er sokneprest i Sandeid, Vikedal og Imsland, har teke imot kyrkjeleg stilling i USA og flyttar seinare i haust. Det er mangel på prestar mange stader, men vi vonar å få gode sokjarar og takkar Tsega for tida vi har fått ha gleda av å ha han med oss i tenesta her.

Året 2022 er «Frivillighetens år». Då høver det å takka alle dei som står på i fritida si innan barne- og ungdomsarbeid, kyrkjer og bedehus, diakoniarbeid mm. Sokneråda i Skjold, Vats og Vikebygd inviterer desse leiariene til samvær i Skjold kyrkje i september. Eg seier: Tusen takk. Du gjer ein viktig jobb.

Økonomien

Etter nokre år med underskot vedtok Fellesrådet i vår å styrke driftsfondet til kyrkjebladet slik at ein er sikra å kunna gje ut bladet 5-6 gonger i året framover. Likevel er drifta heilt avhengig av gåver, kyrkeoffer, støtteannonser og bladpengar frå lesarane. Vi takkar alle som slik bidreg til at bladet kan koma til alle i vår kommune (MPPS-nr. 53 14 72).

Min song

Av Ingebjørg Susort Velde

Songen «Som barn i ditt hus» har eg henta frå songboka «Til alle tider». Den er også å finna i Norsk salmebok, nr 564. «Som barn i ditt hus» blei opphavelig skrive til messa «Gloria» med tekstar og musikk av Hans Olav Mørk og Tore W. Aas. Messa vart urframført av Oslo Gospel Choir i Oslo Domkyrkje i april 1995 og kom ut på plate året etter.

«Som barn i ditt hus» har eg hatt med meg sidan ungdomstida, då eg var aktiv i Feedback. Eg har sunge denne songen i mange ulike samanhengar i åra som har gått: i korsamanheng, i grupper, i sorg og i glede. Eg synes denne songen er så enkel og fin, med ein bodskap som alle kan skjøna. I tillegg har den eit arrangement som er lett å få til fleirstemt.



Ingebjørg Susort Velde frå Skjold. Jobbar som familiertleiar i Vindafjord kommune. Gift med Berge Thomas og har tre barn. Er med i soknerådet i Skjold og Vikebygd. Har tidlegare vore med å driva Skjold barnekor. I tillegg har ho vore del av ulike songgrupper og har opptrådd på ulike arrangement i kyrkjer og bedehus i bygdene våre.

Songen minner om at kyrkja skal vera ein stad der det er rom for alle. Ein stad der me kan koma, akkurat slik me er, i den situasjonen me står i. Som det står i Matt 18,20: «For der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt imellom dei».

Som barn i ditt hus

Tekst/Melodi: Hans Olav Mørk/Tore W Aas, Arrangement: Per Tveit

Som barn i ditt hus har vi hver og én et sted der vi kan søke ditt ansikt og du gir oss av din fred. Så møtes vi her i din store faderfavn. Du lar oss juble og glede oss når vi er samlet i ditt navn.

Refreg: Du har lovet å være til stede for å dele vår sorg og vår glede. Gi oss vilje og mot til å leve, Herre, som barn i ditt hus.

Vi ber for din kirke. Vi ber for hverandre. Vi ber for vår verden. Velsign oss du, vår Gud!

Refreg: Du har lovet å være til stede for å dele vår sorg og vår glede. Gi oss vilje og mot til å leve, Herre, som barn i ditt hus.

Som barn i ditt hus gir du rom for alt vi er. Vi har vår styrke og svakhet. Midt i alt er du oss nær. Du samler oss nå til bønn og lov sang rundt ditt bord. Og vi skal gå med din kjærlighet ut til alle folk på jord.

Innbjoa bedehus

Bønnemøte mandagar kl. 18:30 og onsdagar kl. 11:00

Bonne- og nattverdsmöte kl. 18:30 den 5.9. + 3.10. + 7.11.

Sosial samling kl. 18.30 den 19.9. + 24.10. + 21.11.

Formiddagstreff kl. 11.00 den 22.09 + 20.10. + 24.11.

Mini-Credo tysdag kl. 17.30 – 19.00: 20.9. + 4.10. + 18.10. + 1.11. + 15.11. + 29.11.

Credo fredag kl. 18:00: 23.9. + 7.10. + 21.10. + 4.11. + 18.11.

Møte:

21.10.: Møte ved Brit Sølv Vågane.

22.10.: Møte ved Brit Sølv Vågane

30.10.: Søndagssamling

11.11.: Sri-Lanka basar kl. 18.00

16.11.: Møte ved Godt Nytt

Sokneprest Harald H. Eintveit til minne

Tekst: Arne O. Øystese

Barndom og oppvekst

Sokneprest Harald Hjelmbrekke Eintveit er død. Som pensjonist fekk han i fjar sommar stadfesta ein alvorleg sjukdom. Etter kvart som tida gjekk, blei helsa hans broten sterkt ned. Han slokna 14 mai, og vart gravlagd frå Vikedal kyrkje 27 mai.

Harald Eintveit vart fødd på garden Eintveit på nordsida av Åkrafjorden. Han fekk ein god barndom og oppvekst, og lærde tidleg å arbeida og ta ansvar. Interesse for friluftsliv og fjellturar hadde han med seg heile livet.

Utdanning og presteteneste

Ved Menighetsfakultetet i Oslo fekk han si presteutdanning, og vart etter ordinasjon feltprest i Steinkjer. I 1981 tok han til som sokneprest i Skånevik, og 3 år seinare fekk han tilsettjing som sokneprest i Tinn. Her vart han verande i 25 år.

Sokneprest i Vikedal

Sommaren 2009 vart han innsett som sokneprest i Vikedal, og var i teneste her inntil han gjekk av for aldersgrensa. Som prest sette Harald Eintveit djupe spor etter seg. Han førebudde seg grundig til gudstenester og kyrkjeloge handlingar, og var ihuga for at evangeliet skulle nå fram til kyrkjelydane. Ein merka snart at Eintveit trivst som prest. Preikene hadde ofte treffande bilete frå Guds natur, og eigne opplevingar. Dermed understreka han tydeleg Guds vilje med livet vårt: å ta på alvor Jesu oppmading – «Følg meg!» - Liturgi, salmar og forkynning var grundig gjennomarbeidt, og utgjorde såleis ein harmonisk heilskap i gudstenesta. Kyrkjelydane merka tidleg at



Tidlegare sokneprest Harald H. Eintveit.
Foto: Fotograf Nordtveit.

Salmediktaren Elias Blix stod hans hjarta nær. Elles hadde han lett for å koma i kontakt med menneske, og evna i stor grad å lytta til dei han møtte. Såleis fekk han også bli til stor hjelp som sjælesørgjar.

Konfirmantarbeidet

Dei unge var Eintveit særleg glad i. Det kom blant anna til uttrykk ved dei mange konfirmantkull han førde fram i Sandeid, Vikedal og Imsland. Det vil i lang tid gå gjetord om turane han tok dei med til heimlege trakter i Åkrafjorden, kor friluftsliv, fiske på fjorden, kåseri med ulike tema, festkveld og undervisning gjekk hand i hand. Høgdepunktet var familiegudstenesta sundagen, der og foreldra til konfirmantane fekk vera med.

Tydeleg og brubyggjar

Visst hadde Harald Eintveit sine meininger, og sine meiningars mot. Såleis løynde han på ingen måte det han stod for. Men han hadde også

den gode eigenskapen: å kunna skilja sak og person. Vart ein usamd med han, vart god kommunikasjon og gildt venskap verande som før. Dei som følger med på fjernsyn, vil kanskje minnast eit originalt og interessant vegprosjekt som fekk riksdekkande omtale for nokre år sidan: Betongbruva som vart bygd mellom grondene Bjelland og Eintveit i Åkrafjorden. Harald Eintveit ivra stort for dette prosjektet. Då det stod ferdig, vart to bilar frakta inn luftvegen for å markere bruopning. Men først hadde Harald velvalde ord med tilhøyrande klipping av snor.

Med dette lyser vi fred over Harald Eintveit sitt minne.

Dropp-inn-dåp

Tekst: Sokneprest Kari Vik Stuhaug

Blei det ikkje noko av dåpen?
Kanskje var det pandemien
som gjorde det vanskeleg?
Eller det blei vanskeleg å finna
ein passande dato? Eller valde
foreldra dine ikkje å døypa deg?

Det er aldri for seint å bli døypt!

Dåpen er for alle! Ung eller gammal, truande og tvilande. Kom som du er og kor du enn bur. Kyrkja ønskjer deg velkommen.

Korleis skjer Dropp-inn-dåp?

Du kan melda deg på elektronisk på førehand, eller du kan berre møta i den kyrkja det gjeld når dagen er der (sjå oversikt nedanfor), uavhengig av kor du bur.

Når du kjem til kyrkja må du visa fødselsattesten til barnet ditt, eller gyldig identifikasjon viss du sjølv vil bli døypt, og så blir du registrert. Dåp av barn må skje etter samtykke frå begge foreldra. Husk difor skriftleg samtykke frå den andre foreldren dersom du kjem åleine for å få døypt eit barn under 15 år. Du kan velja om du vil ha med eigne fadrar eller om nokon frå kyrkjelyden skal vera det for deg.

Så får du ein prat med ein prest, før turen går til døypefonten. Der blir det ein fin, enkel og kort seremoni. I tid er dåpen kort, men tydinga er djup og varer livet gjennom.

Lettvint?

Dropp-inn-dåp kan kanskje høyast



Dåpsbarn i kyrkja. Foto: Erik Norrud.

Har du spørsmål?
Ta gjerne kontakt.

Dropp-inn-dåp på Haugalandet – opne for alle uavhengig av bustad:

Lørdag 22. oktober kl. 12-14
i Vår Frelsers kirke, Haugesund.

Evt. påmelding på
www.kirken.no/haugesund
Spørsmål?
Ring 52 80 95 00

Lørdag 29. oktober kl. 12-14
i Ølen kyrkje.

Evt. påmelding på
www.vindafjord.kyrkjer.no
Spørsmål?
Ring prest Kari Vik Stuhaug 47 25 35 29

Lørdag 5. november kl. 12-14
i Aksdal kyrkje, Tysvær.

Evt. påmelding på
www.tysvaerkirken.no
Spørsmål?
Ring prest Dag Tormod Milje 93 41 54 01

Stell av gravminne

Tekst: Inghart Lasse Tveit, kyrkjeverja i Vindafjord



Ill.foto: Steinar Skartland

Få tid til anna er det spørsmål hit til kontoret om gravminne som har trøng for oppretting m.v. Spørsmålet er for det meste om kven som har ansvaret for å bringa gravminne som er komme ute av lodd og vater i orden att. Svaret er enkelt: Gravminna er privat eigedom og det er eigar/festar som har ansvar å sjå til at gravminna til ei kvar tid er i orden. Krava til eigar

er at gravminna ikkje skal vera til «forfall, eller sjenanse eller fare for dem som ferdes på gravplassen». (§ 26 i gravferdsforskrifta).

Med omsyn til det siste punktet er det viktig å vera merksam på at gravminnet skal vera forsvarleg festa med boltar til fundamentet. Dette er sjeldan eit problem knytt til nyare gravminne, men det kan førekomma at slik bolting eller sikring manglar på eldre gravstøtter. Dette må i så

fall bringast i orden så snart som råd. Gravsteinar som veltar kan føra med seg stor personskafe – ja, det er til og med døme på at liv er gått tapt som følge av slike ulukker. Særleg barn er ei utsett gruppe i denne samanhengen. Sikring av gravminne er difor eit svært viktig tiltak for eigarane av desse.

For hjel til dette, kontakt leverandør av gravstøtter, gravferdsbyrå eller kyrkjekontoret.



Foto: Fotograf Nortveit.

Konfirmantane i Skjold

Bak frå venstre:

Olav Søreide Sandvik, Liam Hansen, Bjørn Markus Kristiansen Karlsen, Martin Nonslid Håvardsen, Tore Langeland, Alfred Svendsen, Ådne Hundhammer Reed, Simen Nesheim Bakke, Jaran Tveit, Tønnes Pihelgas Skogen, Henrik Hamre Hjelmeland, Erlend Haugen Moe

I midten, frå venstre:

Sofie Toadalen, Emma Svendsbøe Eiknes, Cecilie Bjørnsen Mortveit

Framme frå venstre:

Eline Dagsland Bråthen, Thilde Skjold, Lone Haraldseid, Rut Jøri Mangrud, Kjersti Sandvik, Kamilla Johannessen, Fride Evjen Kallevik, Thea Søvold, Lone Evjen Kallevik

Konfirmantane i Vikebygd

Frå venstre:

Prost Rune Engedal, Hanna Frøvik Svendsbøe, Åsmund Mortveit, Annelen Bakkevik, Marita Dommersnes Vågen



III. foto: Lystnening.
Foto: Ole Henrik Kongsvik.



Foto: Rune Hetland.



Foto: Fotograf Nortveit.

Konfirmantane i Vats

Bak frå venstre:

Prest Sigfred Sørensen, Eiolf Velde, Per Gjerde, Johan Sørhus, Halvard Haslemo, Jone Frantsen, Magnus Eikesdal, Wiktor Meszynski

Framme frå venstre:

Lovise Sørhus, Inga Amalie Lærdal Viland, Sofie Ihle, Rebekka Eide, Linnea Døvik, Linda Elke, Tuva Tünde Austestad, Sara Elise Langeland



DEN NORSKE KYRKJA

Meir himmel på jorda

Ukrainske flyktningar

Tekst: Signe Britt Vik, leiar Ølen og Bjoa sokneråd

Middag på ukrainsk og fjelltur. Det er nokre av tiltaka kyrkja i Ølen vil tilby i haust.

Kyrkja har fått økonomisk støtte til å tilby aktivitetar og tiltak for å integrere ukrainske flyktningar. Andre flyktningar er sjølvsagt også velkomne. I eit samarbeid mellom soknerådet i Ølen og Bjoa, Mitt fargerike nabolag og Kyrkjetunet ved Internasjonalt språk treff blir flyktningane inviterte til ulike arrangement utover hausten.

Lørdag 24. sept. blir det utfukt til Fjellstø skianlegg for grilling, tur og leik. Torsdag 20. okt. og 17. november håpar me at flyktningane sjølv kan bidra med å laga middag på Kyrkjetunet då me inviterer til Internasjonal kafé. Då håpar me på middagsrettar både frå Ukraina og andre kulturar. Og første lørdagen i desember blir det stor førjulsfest på Kyrkjetunet med middag, juletregang og gåver til borna. På Kyrkjetunet

har det allereie i mange år vore internasjonalt språk treff på torsdagard. Desse held fram som før.

Målet er at flyktningane skal blir integrerte i lokalsamfunnet og bli kjende med oss som bur her frå før. Det er difor eit mål at også andre kjem til desse arrangementa og er innstilte på å snakka og bli kjent med våre nye medborgarar. Følg med på plakatar og Facebook om påmelding med meir.

Det har kome rundt 45 ukrainske flyktningar til Vindafjord sidan krigen starta i februar. Det fortel teamleiar for integreringstenesta i kommunen, Miriam Aareskjold. Desse er busette i fleire bygder, mange av dei er barnefamiliar. I tillegg har det kome fire frå andre land, desse er busette i Ølen og Ølensvåg. No er dei vaksne i gang med norskurs i vaksenopplæringa og borna er i barnehage og skule. Lat oss ta vel imot dei!



Ukrainsk flagg på Refsnes gt.
Foto: St. Sørhus.

Musikk i Vikebygd

Tekst/foto: Ingrid Mathilde Sørvåg

Fyrste helga i juli var det travelt i Vikebygd. Helga starta med bygdevandring om laurdagen. Dei som var med, fekk høyre forteljinga om dei ulike kyrkjene i Vikebygd; frå stavkyrkja som var den fyrste og fram til den vakre kyrkja me har i dag. To av kyrkjene i Vikebygd har brunne, og forteljinga om desse to er kanskje den mest spennande delen? Me som er i kyrkja, bør også brenne. Me bør brenne for noko, noko som er større enn oss sjølv.

Sundag 3.juli starta med ei gudste-



Tom Roger Aadland.

neste med arbeidstittelen «song- og musikkgudsteneste». Ingrid Tveit, Lina Fisk Eide, Tom Roger Aadland og Arne Tveit deltok med song og musikk i tillegg til presten, Sigfred Sørensen. Alle me som var i kyrkja, deltok i god song.

Etter gudstenesta var det tid for kyrjkaffi og ein pause før neste post på programmet som var konsern i kyrkja. Her deltok Lina Fisk Eide, Cathrine Nordseth, Ingrid Tveit og Tom Roger Aadland, med andre ord: svensken, dansken og norsken. Inntektene frå konserten er eit godt bidrag til det me treng for å kunne supplere lydutstyret som er i bruk i kyrkja.

Vikestølsmøtet – 122 år etter oppstarten

Tekst/foto: Steinar Skartland



Song: Lina Fisk Eide.
Tale og musikk: Geir S. Toskedal

Gruppeopplegg på Kyrkjetur i Ølen Hausten 2022/vinteren 2023

Tekst: John Birger Wold


På Kyrkjetur har me nokre år no hatt gruppessamlingar med eit enkelt måltid, undervisning og samtale i grupper. Denne hausten har me tankar om å bruka eit studieopplegg knytt til TV-serien «The Chosen». Opplegget på samlingane blir omrent som tidlegare, men i staden for undervisning ser me saman ein film-episode før me går til den gruppa me hører til. Sesong 1 som me vil sjå av serien «The Chosen» har 8 episodar, og innhaldet kan kort oppsummerast slik: Me møter Jesus i starten av hans tre år lange teneste, og me får bli godt kjent med menneska rundt Jesus. Me får sjå korleis livet den gong kunne ha vore både i sorg og glede. Dei levde under Romarane si okkupasjonsmakt, dei religiøse leiarane hadde stor makt, og

«vanlege» folk streva med å få endane til å møtest.

Me får sjå korleis Jesus etter kvart kjem «på banen» med talar, undergjerninger og utfrielsar. Korleis han kallar disiplar, og at folk han kalla var heilt vanlege menneske med sine kvardagslege utfordringar, forskjellige både som menneske og med sosial status. Alt saman er bygd på evangelia i Bibelen, men produsenten er tydeleg på at dette IKKJE er Bibelen, men at det kan ha vore slik. Det kan utfordra våre eigne oppfatningar av korleis det var, og me kan ut frå det få gode samtalar i gruppa rundt dette. Me blir også utfordra til korleis dette kan ha betydning for oss / meg sjølv i dagens samfunn.

Skodespelarane snakkar engelsk, men det

over at Bjarne Alne kunne hugsa kva tekster han tala over den gongen. Vikestølsstemnet var prega av mykje song til musikk på både piano, trekkspel og gitar. Ute var det regn i lufta, så då var det godt å kunna samlast inne i hytta. Og i møtet på ettermiddagen var det mange som ville dela eit ord, ein song eller ei helsing. Det er godt å kunna møtest slik i fjellet, år etter år.



er teksta til norsk. Samlingane kjem til å starta opp onsdag 19. oktober med samling annakvar onsdag. Fire samlingar før jul, og fire etter jul. Samlingane blir frå kl 19:00 til ca. 21:30. Gruppene blir dei same kvar gong, og for at det skal kunna bli eit godt fellesskap i gruppa vert det påmelding til opplegget.

Påmelding skjer til Jan-Børge Landro på SMS 934 00 012 innan 1. oktober (husk å skriva navn på den du melder på!).

Andre komitémedlemmar:

Glenn Terje Iddeland, Liv Herborg Wold, John Birger Wold, Lillian Eikeland, Marianne Lunde.

Nærare opplysningar kan du få hos:

* Liv Herborg Wold, tlf. 988 85 560

* John Birger Wold, tlf. 982 86 813

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølenstvåg

- Vi tilbyr
- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no



5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no

Innsamling til OpenHeart i Ukraina



Tekst Ingeborg Vågen

Den årlege innsamlinga til Open Heart i Ukraina vert i veke 43 i Vindafjord. Nå treng dei meir enn nokon gong klede, sko, sengetøy, sanitærutstyr, tørrmat, bleier, morsmjølkerstatning og skuleranslar. Har du lyst å hjelpe er det berre å komma med det du kan bidra med. Det kjem annonse seinare i Granna og Haugesunds Avis. Me tek imot sekker heile året i Blikravegen 74, Øvre Vats.

Mottak av sekker (+kr 50 i frakt pr sekke):

* Austrheimsbysgda bedehus: mandag 24. okt. kl. 16-20

* Øvre Vats bedehus: tysdag 25. okt. kl. 13-20

* Vikebygd bedehus: torsdag 27. okt. kl. 15-18

Ope møte på Vikebygd bedehus 27. okt. kl 19:00 med Hallvard Hasseløy.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



Bjoavegen 187 - 5582 Ølenstvåg

Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no



Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

www.tsrevision.no

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik



VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

MØTE OG ARRANGEMENT

Dato	Tid	Stad/kirke	Informasjon – sjå kunngjering av endringer på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
25.09.	11:00	Skjold kirke	Gudsteneste, Hausttakkefest, gullkonfirmantar og 4-årsbok, Takkoffer	Matt. 11,16-19
25.09.	11:00	Imsland kirke	Gudsteneste, Utd. av 4-års bok, Takkoffer	
25.09.	11:00	Bjoa kirke	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	
02.10.	11:00	Vats kirke	Hausttakkegudsteneste, gullkonfirmantar og 4-årsbok, Takkoffer	Mark. 5,35-43
02.10.	11:00	Sandeid kirke	Gudsteneste, Utd. av 4-årsbok, Takkoffer	
02.10.	16:00	Ølen kirke	Hausttakkegudsteneste, Utd. til 4-åringar, Takkoffer: Brandøy	
09.10.	11:00	Skjold kirke	Misjonsgudsteneste (NMS) Prest: Malvin Tomren, Takkoffer: NMS	Mark. 1,40-45
09.10.	11:00	Vikedal kirke	Misjonsgudsteneste, Takkoffer: Den norske Misjonsallianse	
16.10.	11:00	Vikebygd kirke	Gudsteneste, Gullkonfirmantar, misjonsgudsteneste, Takkoffer	Lukas 9,57-62
16.10.	11:00	Imsland kirke	Misjonsgudsteneste, Takkoffer, Hausttakkefest	
16.10.	11:00	Ølen kirke	Gudsteneste, Gullkonfirmantar, Takkoffer: Diakoniarbeidet	
23.10.	11:00	Vats kirke	Misjonsgudsteneste (NMS). Søndagsskulen deltar. Prest: Norodd Stavenjord., Takkoffer	Matt. 18,1-11
23.10.	11:00	Sandeid kirke	Familiegudsteneste, Takkoffer	
23.10.	17:00	Bjoa kirke	Gudsteneste, Takkoffer: Acta. Normisjons barne- og ungdomsarbeid	
30.10.	11:00	Skjold kirke	Gudsteneste, Felles Skjold, Vikebygd og Vats, Takkoffer	Luk. 15,11-32
30.10.	11:00	Kyrkjelunet	Familiegudsteneste på Kyrkjelunet. Utdeling av bibel til 5. klassingar, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	
30.10.	11:00	Vikedal kirke	Avskjedsgudsteneste for sokneprest Tsegayesus Hurisa Hunde, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	
06.11.	11:00	Vats kirke	Gudsteneste, Helgemesse - Vikebygd, Skjold og Vats. Takkoffer	Luk. 6,20-23
06.11.	11:00	Ølen kirke	Gudsteneste, Helgemesse - Ølen og Bjoa, Takkoffer: Kirkens SOS Rogaland	
06.11.	11:00	Imsland kirke	Gudsteneste, Helgemesse, Takkoffer	
13.11.	11:00	Sandeid kirke	Gudsteneste, Misjonsgudsteneste, Takkoffer	Matt. 24,35-44
20.11.	11:00	Skjold kirke	Gudsteneste, Felles Skjold, Vats og Vikebygd, Takkoffer	Joh. 9,39-41
20.11.	11:00	Ølen kirke	Gudsteneste, Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap	
20.11.	11:00	Vikedal kirke	Gudsteneste, Takkoffer	
27.11.	11:00	Bjoa kirke	Familiegudsteneste, Utdeling til 4.åringar og 5. kl., Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt. 21,1-11
27.11.	11:00	Imsland kirke	Gudsteneste, Takkoffer	
27.11.	17:00	Vats kirke	Gudsteneste, Lysmesse. Speidrarar. Bibel 5. klasse, Takkoffer	

Lat oss ikke halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast (Hebr. 10,25)

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døpte	Døde	Vigde
Ølen	05.06. Liva Kringeland Kolås 05.06. Johan Sætre 21.08. Julia Alexandra Jacobsen 21.08. Thor Anders Hundseid Engen	26.05. Kjellfrid Herdis Halleland f.1933 31.05. Nils Ole Fosse f.1966 22.06. Eli Huse 05.07. Olav Heggen f.1922 08.07. Torbjørn Berner Skålnes f.1920 18.07. Normann Dag Sand f.1942 19.07. Sverre Urdal f.1930 18.08. Bent Theodor Evensen f.1948	
Sandeid	19.06. Torill Oddney Stüts	11.05. Osmund Lærdal f.1933 04.06. Terje Miljeteig f.1953	
Vikedal	28.08. Mille Hebnes 28.08. Severin Kili Olsen 28.08. Johanne Torstenbø 28.08. Sofie Helgeland Pedersen	15.05. Harald Hjelmbrekke Eintveit f.1951 24.06. Gunvor Eli Opsal f.1948 08.07. Olav Bernhard Bakkedal f.1940 10.08. Ingolf Magnus f.1965	28.05. Linda Hauge og Daniel Holten
Bjoa	24.07. Oliver Gjerde Thomassen	03.06. Astrid Olivia Tvedt f.1951 04.08. Wenche Helene Haugen Nygård f.1954 10.08. Ingeborg Gurine Øen f.1924 19.08. Berit Lovise Aasbø f.1939	
Skjold	22.05. Amélie Hansen Habbestad 05.06. Sigrid Løland-Lunde 05.06. Josefine Nesheim Hårde 17.07. Madelen Vestre Hansen 07.08. Halvard Johan Byrkja Dagsland 07.08. Andrea Øvrevik Frøyland 07.08. Alice Svendsbøe	19.07. Lars Yngve Eidhammer f.1957 09.08. Inger Elise Handeland f.1950 13.08. Petra Oline Hansen f.1923	
Vikebygd		08.06. Alfred Sigmund Bjørgen f.1938 29.06. John Alfred Sætre f.1929	23.07. Tonje Alne og Dan Emanuel Olsen Bartholomay
Vats	12.06. Maya Sætre 26.06. Torres Ramsfjell Mjølhus 14.08. Johannes Eikeland Rønnevik	03.06. Nils Urdal f.1958 13.07. Reidar Kåre Eikeland f.1937 04.08. Reidun Edith Eide f.1936	04.06. Lisa Garatun og Trygve Helle 30.07. Kari Meling Johannessen og Dirk Van Oosterhout 20.08. Vegard Haakull og Johanna Sjurseike
Imsland	26.05. Mathilde Bråteit Mo	15.07. Osmund Ersdal f.1933	

KUNNGJERINGAR

Vikedal gospelkor

Gospelkoret øver kvar måndag kl.18-19.30 i Vikedal kyrkje. Aldersgrense frå 15 år og oppover.

Torsdagstreff på Kyrkjelunet i Ølen

6. okt., 3. Nov. 1. Des. Kl. 11-13. Pris kr. 100,-. Alle velkommen. Arr. Diakoniutvalet/ Soknerådet Ølen og Bjoa.

Bjoa bedehus

Sjå side 3.
Arrangement og annonser:
side 8 og 9.

Kyrkjelunet i Ølen

Følg elles med på: www.kyrkjelunet.no og Facebook-sida

tirsdagar 19:30 Bønnemøte (unntatt: 4.10. og 1.11.)

22.09. torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
29.09. torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
29.09. torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
29.09. torsdag	19:00	Fellesforum. "Mercy Ships". Kåseri og andakt
01.10. laurdag	11:00	Vindafjord Soul Children (5.-10. klasse)
06.10. torsdag	11:00	Torsdagstreff kl. 11-13
06.10. torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
13.10. torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
19.10. onsdag	19.00	"The Chosen" gruppessamling. NB: Påmelding før 1.10. Sjå info side 8.
20.10. torsdag	17:00	Internasjonalt treffpunkt med middag!
22.10. laurdag	18:00	Inspirasjonssamling Indre Sjø
23.10. søndag	19.30	Søndagsmøte, Indremisjonsskipnaden
27.10. torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
27.10. torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
27.10. torsdag	19:00	Fellesforum v/mannsforeninga NMS
28.10. fredag	18:00	Bønnemøte - Fellesskap på tvers
28.10. fredag	19:30	Fellesskap på tvers
30.10. søndag	11:00	Familiesamling/familiegudsteneste
31.10. mandag	17:30	HalloVen for 4.-7. klasse
02.11. onsdag	19.00	"The Chosen" gruppessamling
03.11. torsdag	11:00	Torsdagstreff kl. 11-13
03.11. torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
10.11. torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
10.11. torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
12.11. laurdag	11:00	Vindafjord Soul Children (5.-10. klasse)
16.11. onsdag	19.00	"The Chosen" gruppessamling
17.11. torsdag	17:00	Internasjonalt treffpunkt med middag!
18.11. fredag	18:00	Bønnemøte - Fellesskap på tvers
18.11. fredag	19:30	Fellesskap på tvers
24.11. torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
24.11. torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
30.11. onsdag	19.00	"The Chosen" gruppessamling

Vågen bedehus

Følg elles med på: www.vaagenbedehus.no

onsdagar 19:30	Bønnemøte (når der ikkje er andre møte)
25.09. søndag	11:00 Storsamling m.søndagsskule, Bygdasenteret. Talar: Eirik Steinsland
09.10. søndag	19:30 Storsamling m.søndagsskule, Bygdasenteret. Talar: Håvard Brekkå
16.10. søndag	19:30 Kveldssamling, Talar: Lars Stensland
23.10. søndag	11:00 Storsamling m.søndagsskule, Bygdasenteret. Talar: Torleiv Åreskjold
25.10. tirsdag	19:30 Jentelag og gutelag, 1.-4. klasse. Bedehuset/ Bygdasenteret.
25.10. tirsdag	19:30 Kveldssamling, Talar: Magne Birkedal
25.10. tirsdag	11:00 Tweens, 5.-7. klasse
26.10. onsdag	19:30 Kveldssamling, Talar: Magne Birkedal
27.10. torsdag	19:30 Kveldssamling, Talar: Magne Birkedal
28.10. fredag	11:00 Kveldssamling, Talar: Magne Birkedal
29.10. lørdag	19:30 Generasjonssamling, Andakt: Magne Birkedal
30.10. søndag	19:30 Kveldssamling, Talar: Magne Birkedal
06.11. søndag	11:00 Storsamling m.søndagsskule, Bygdasenteret. Talar: Synnøve Fredly
08.11. tirsdag	17:30 Jentelag og gutelag, 1.-4. klasse. Bedehuset/ Bygdasenteret.
08.11. tirsdag	19:30 Elieser-møte - Den indre Sjømannsmisjon, Elieser 6 til kai i Ølensvåg
09.11. onsdag	19:30 Elieser-møte - Den indre Sjømannsmisjon, Elieser 6 til kai i Ølensvåg
13.11. søndag	19:30 Kveldssamling med nattverd, Talar: Arne Borgemyr. Natverd.
19.11. lørdag	11:00 Julemess, Stad: Bygdasenteret
20.11. søndag	11:00 Storsamling m.søndagsskule, Bygdasenteret. Talar: Rolf Hauge
22.11. tirsdag	17:30 Jentelag og gutelag, 1.-4. klasse. Bedehuset/ Bygdasenteret.
22.11. tirsdag	20:30 Tweens, 5.-7. klasse
04.12. søndag	10:00 Adventsrukost, Stad: Bygdasenteret
04.12. søndag	11:00 Storsamling m.søndagsskule, Bygdasenteret. Talar: Håkon Brekkå

Bedehusa i Vats

21.09. onsdag	
---------------	--

Tradisjonsrik gudsteneste

Tekst: Øivind Jørnsson

12. juni var det igjen gudsteneste på Refsnes ved Vatsvatnet. Veret var vekslande, men frammøtet var likevel godt og speidarane var med.

Her var dåp som så mange gonger før, men dåpsfylget sat tørt og lunt i partyteltet. - Me hadde pynta med ukrainsk flagg til æra for dåpsfølget. Far til dåpsbarnet hadde vore og henta slektringar (5 born og kvinner) i Ukraina ei vekestid før. Dei kom frå byen Mariupol, fortel Steinar Sørhus. Vikarpresten, Sigfred Sørensen, leia gudstenesta.



Vats speidarane på Refsnes gudstenesta.
Foto: Steinar Sørhus.

Kulturveka i Vats føregjekk også på den tida, og gudstenesta gjekk over i ei vandring langs Blikraelva for dei som ønskte det. Frivillige heldt små foredrag om elva, vegetasjonen og

kulturminna. Interessant var det også å få vite meir om kraftverket i elva. Turen enda oppe i lia. Der fekk vi ekte bålkaffi som kyrkjekaffi, med grilla pølser til.



Kantor i Vår Frelsers kirke, Goos ten Napel, ved orgelet.
Foto: Steinar Sørhus.

Nytt orgel i Sandeid kyrkje

Tekst: Steinar Skartland

Det er nå inngått avtale om innkjøp av «nytt» orgel til Sandeid kyrkje, der det gamle har vore svært därleg lenge. Det er eit orgel som til nå har stått som kororgel i Vår Frelsers kirke.

Orgelet er eit Robert Gustavson orgel med 6 register. Dette har same orgelbyggjar som i Imsland kyrkje. Kostnaden vert dekkja i samarbeid mellom Fellesrådet og soknerådet i Sandeid, som samlar inn pengar til dette lokalt. Arbeidet med

demontering tek til 19. september og flyttinga skal gjerast i veke 38. Kyrkja i Sandeid må vera stengd for andre den veka. For å få plass vert første benk og ein sidebenk fjerna på førehand og det vert lagt opp straum til orgelmotoren.

Avtalt pris er kr 400.000 og kostnad med flytting er kalkulert til 150.000. -Å få eit så godt orgel til ein kostnad på 550.000 er ein god avtale, seier Steinar Sørhus, leiar i Fellesrådet.

Andaktstelefonen
380 91 700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**
Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
Kirkens SOS
22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 30. november.
Frist for levering av stoff er 28. oktober.